

FØREDRAGSHALDARAR



TERJE OGDÉN, DR. PHILOS

Forskningsdirektør ved Atferdssenteret-Unirand og professor II ved Psykologisk Institutt, UiO. Han har forska mykje på åtferdsproblem og sosial kompetanse i eit tverrfagleg perspektiv, og om implementering og evaluering av førebyggjande tiltak samt evidensbasert behandling på tvers av etatar og sektorar.



INGER LISE SKOG HANSEN, SOSIOLOG

Prosjektleiari i Husbanken for strategien *Bustad for Velferd*. Bustad har vore eit sentralt tema innfor velferdsforskninga hennar. Ho har ei lang forskarkarriere innan feltet og har mellom anna i ei studie om bustad og oppvekst, sett på konsekvensane av å vekse opp under vanskelege buforhold



ANETTE MOKLEIV OG MORTEN SAGEIDET

Arbeidar med plansaker ved miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen i Rogaland. Anette er jurist og har særleg ansvar for å styrke barn og unge sine interesser i planlegging. Morten er plankoordinator og har overordna ansvar for planarbeidet i embetet.



ØYVIN CHRISTENSEN, PHD-FORSKAR

Forskar ved Uni Research Helse - RKBU. Utdanna sosionom, med erfaring frå arbeid i kommunal barnevernteneste, rettleiing og undervisning ved masterprogram i barnevern. Christiansen arbeider no med eit forskingsprosjekt om hjelpetiltak i barnevernet.



ANFINN ROSNES, PROSESSRETTELEIAR

Jobber hos Fylkesmannen i Rogaland i prosjektstilling som prosessrettleiar for arbeidet med kommunereforma. I dette ligg å bidra til koordinering og tilrettelegging av prosessane i fylket, og å vere kontaktperson mot kommunar og andre aktuelle.



JANICKE SÆTHER OLSEN, JURIST

Seniorrådgivar på skole, kommunale saker og skolemiljø i Barneombodet. Hun har tidlegare vært kommuneadvokat og har arbeidsrett som spesialfag. Janicke Sæther Olsen sin hovudoppgåve hos Barneombodet har vært å etablere barneombodet si skole-satsing.



KRISTIN OUDMAYER, FORFATTAR

Tilsett i UNICEF Norge, med fagansvar for prosjektet *Du kan være Den ene*. I 2010 gav Oudmayer ut dokumentarboka *Fordi jeg fortjener det? En bok om mobbing, håp og ansvar*. Denne boka er den første norske boka laga gjennom crowdsourcing.



HJALMAR ARNØ, PEDAGOG

Hjalmar er tilsett som seniorrådgivar i utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen i Rogaland. Han arbeider m.a. med elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø.



NINA ELISABETH HØGMO, LEKTOR I PEDAGOGIKK

Nettverksrådgjevar ved Utdanningsavdelinga i Buskerud fylkeskommune. Ho har tidlegare jobba med den *naturlege skulesekken*, på Naturfagsenteret ved Universitetet i Oslo, og der medverka til utarbeidinga av den nye handboka.



ANNE GRUTLE, LÆRAR OG BONDE

Ho og ektemannen Leif starta Inn på tunet i 1997 gjennom Levande skule-prosjektet som Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU) stod ansvarleg for. Ho vil gi oss døme på ein alternativ meistrings- og læringsarena på gard.



ARNE HOLTE, PROFESSOR

Assisterande direktør i Folkehelseinstituttet, professor i helsepsykologi ved Universitetet i Oslo og programsensor for profesjonsstudiet i psykologi ved Universitetet i Bergen. For tida arbeider han med befolkningsorienterte strategiar for å fremje psykisk helse og førebyggje psykiske lidningar.



TORE RENBERG, FORFATTAR

Renberg er født og bur i Stavanger. Han fekk sitt litterære gjennombrot i 2003 med romanen *Mannen som elsket Yngve*. Det er ei realistisk forteljing der handlinga føregår i Renberg sin heimby, og hovudpersonen Jarle Klepp går på Stavanger Katedralskole. Hausten 2013 ga Renberg ut neo-noir-romanen *Vi ses i morgen*.



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

 **Sjumilssteget**
- for god oppvekst i Rogaland